



## Ordning for vigsling av biskop

1. Vigsling av biskop følger ordninga for hovudgudsteneste til og med ledd 7 | **Lovsong GLORIA**. Ledd 7 | **Lovsong GLORIA** vert helst sunge i fullstendig form.
2. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen vert det ringt det med alle klokkene.
3. Den tenestegjerande biskopen leier vigslingsgudstenesta frå starten av.
4. Det er i ordninga foreslått at epiklesesalmen vert delt i to og sungen som ledd 11 | **Epiklesesalme I** og ledd 14 | **Epiklesesalme II**.

Dersom ein vel alternativ B i ledd 12 | **Skriftlesing og lovnad**, bør ein dele salmen slik at ein syng nokre strofer mellom kvar tekstlesing.

N13 512 "Kom, Ande med di skaparmakt" er foreslått i ordninga. Ein kan velje ein annan epiklesesalme og dele han opp eller syngje heile. Døme på ein slik salme er N 13 515 "Ånd over ånder, kom ned fra det høye"

5. Etter ledd 17 | **Kunngjering**, held vigslingsgudstenesta fram etter ordning for hovudgudstenesta frå og med ledd 12 | **Evangelieleasing**.
6. Ledd 14 | **Truvedkjenninga CREDO** kan utelatast, slik som ved dåp i hovudgudstenesta. Om Apostolicum vert brukt i ledd 9, brukar ein Nicenum i ledd 14.
7. Som forbøn i ledd 18 | **Forbøn for kyrkja og verda** kan ein bruke Fredslitaniet (NoS 982).
8. Medliturgar som er vigsla, ber alba og stola. Biskopane, inkludert den som vert vigsla, ber korkåpe.

# I. Samling

## 1 | Førebuing

*Klokkeringing*

*Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg*

*Kort stille stund*

*Tre klokkeslag*

## 2 | \*Inngangssalme

Inngangsprosesjon.

Biskopen som vert vigsla, medliturgar og prestar elles tek plass i koret. Den tenestegjerande biskopen går til altaret.

## 3 | \*Helsing

## 4 | Samlingsbøn

## 5 | Syndsvedkjenning

Plasseringa av syndsvedkjenninga følger kyrkjelyden si lokale grunnordning.

## 6 | Bønerop KYRIE

## 7 | Lovsong GLORIA

Leddene vert helst sunge i fullstendig form.

## II. Vigsling

### 8 | Framstilling

Leiaren eller nestleiaren i bispedømerådet, ved lesepulten  
Biskopen som vert vigsla reiser seg når namnet vert nemnt.

**ML** | I dåpen vart vi del av Guds folk og alle vart vi vigsla til tenarar for Gud. For skrifta vitnar om at heile Guds folk er eit kongeleg presteskap.

Blant dei som er kalla til tenesta med ord og sakrament, kallar kyrkja [vår] nokre til å leie bispedømet og ha tilsyn med kyrkjelydane.

(*Namnet vert nemnt*) er kalt til biskop i (*tenestestaden vert nemnt*) bispedøme. *Hen* skal i dag vigslast til tenesta.

Lat oss ta imot *hen* i kjærleik og bere *hen* fram for Gud i bønene våre.

### 9 | Vigslingshelsing

**B** innleier helsinga med desse orda | Kyrkja er Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve kyrkja si, høyrer tenesta som biskop.

Biskopen skal sjå til at evangeliet vert forkynt etter Guds ord og kyrkja si vedkjenning, og at sakramenta vert forvalta rett.

Biskopen skal fremja og verna einskapen i Guds kyrkje. *Hen* skal rettleia og oppmuntra kyrkjelydane, tilsette og frivillige i bispedømet, så Guds kjerleik vert synleg i verda.

I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla (*Namnet vert nemnt*) til biskop.

Biskopen som vert vigsla set seg.  
Den tenestegjerande biskopen held ein vigslingsstale.

### 10 | \*Truvedkjenning Credo

**B** vend mot kyrkjelyden | I dåpen vart vi sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus, og alle døypte er kalla til å forkynna Guds storverk. Lat oss saman vedkjennast trua, som vi blir døypte til:

Apostolicum/Nicenum

## 11 | Epiklesealme I

Tekstlesarar, tenestegjerande biskop og biskopen som vert vigsla finn plassane sine ved lese-pulten/i koret.

Salmen vert innleia med:

**B** vend mot altaret | Send ut din Ande, Herre, så du skaper deg tenarar.

Kyrkjelyden syng så heile eller deler av salmen.

- 1. Kom, Ande med di skaparmakt,  
og reis det synd har øydelagt,  
og fred og fryd i nåde giv  
kvart hjarta du har vakt til liv!**
- 2. Kom du, den sanne trøystarmann,  
du gåve frå Guds eiga hand,  
du livsens brunn og kjærleiks vell,  
du salve mild og himmeleid!**
- 3. Du sjufelt rike gåver ber,  
du krafta av Guds høgre er  
og tyder grant hans lovnadsord  
på modersmålet rundt om jord!**
- 4. Kveik ljuset ditt i vår forstand  
og i vårt hjarta kjærleiks brann,  
til vanmakt vår og vesaldom  
med heilag hjartestyrking kom!**

## 12 | Skriftlesing og lovnad

Tekstane vert lesne frå lesepulten.  
Kyrkjelyden sit under lesingane.

### Enten A:

Biskopen og biskopen som vert vigsla står ved altarringen.

**B vend mot kyrkjelyden** | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tilsynstenesta:

### Fyrste lesing og lovnad

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus steig fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | **NN**, vil du forkynna evangeliet og gjera di teneste som biskop, til ære for Gud og til beste for kyrkja?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

### Andre lesing og lovnad

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Paulus'fyrste brev til korintarane:

Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som de òg tok imot, som de òg står støe i. Ved det blir de frelste, så sant de held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte at de kom til trua. For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke,

at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt,  
at han vart gravlagd,  
at han vart reist opp tredje dagen, som skriftene har sagt,  
og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.

Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn. Sidan synte han seg for Jakob, så for alle apostlane. Og aller sist synte han seg òg for meg, eg som berre er eit ufullbore foster. For eg er den minste av apostlane; eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfølgd Guds kyrkje. Men av Guds nåde er eg det eg er, og hans nåde mot meg har ikkje vore bortkasta. For eg har arbeidd meir enn dei alle, det vil seia, ikkje eg, men Guds nåde som er med meg. Anten det no er eg eller dei andre – dette forkynner vi, og dette har de teke imot i tru. **1. KOR 15,1-11**

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du ta vare på den apostoliske læra i samsvar med vedkjenninga, og rettleia og oppmuntra kyrkjelydane?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du ha tilsyn med dei heilage sakramenta, at dei vert foretta etter den skipnad Kristus sette og den ordning vår kyrkje har?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

### ***Tredje lesing og lovnad***

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Paulus' brev til Titus:

Ein tilsynsmann er Guds hushaldar, og det må ikkje vera noko å seia på han. Han må ikkje vera eigenrådig, bråsint, drikkfeldig eller hardhendt og ikkje ute etter skammeleg vinning. 8 Men han skal vera gjestfri og ha kjærleik til det gode, vera forstandig og rettferdig, ha ærefrykt for Gud og ha herredøme over seg sjølv. 9 Han må halda seg til det truverdige ordet i samsvar med læra, så han er skikka til både å rettleia etter den sunne læra og å visa at dei som talar imot, tek feil. **TIT 1,7-9**

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du utføra tenesta di med truskap, og leggja vinn på å fremja og verna einskapen i Guds kyrkje?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

### ***Fjerde lesing og lovnad***

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Peters fyrste brev:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1. PET 5,1-4**

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du vera hyrding og visa omsut for dei kyrkjelydane og det bispedømet som er tiltrudd deg?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

## Eller B:

### *Skriftlesing*

**B vend mot kyrkjelyden** | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tilsynstenesta:

#### *Fyrste lesing*

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus steig fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

#### *Andre lesing*

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Paulus sitt fyrste brev til kyrkjelyden i Korint:

Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som de òg tok imot, som de òg står støe i. Ved det blir de frelste, så sant de held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte at de kom til trua. For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke,

at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt,  
at han vart gravlagd,  
at han vart reist opp tredje dagen, som skriftene har sagt,  
og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.

Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn. Sidan synte han seg for Jakob, så for alle apostlane. Og aller sist synte han seg òg for meg, eg som berre er eit ufullbore foster. For eg er den minste av apostlane; eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfølgd Guds kyrkje. Men av Guds nåde er eg det eg er, og hans nåde mot meg har ikkje vore bortkasta. For eg har arbeidd meir enn dei alle, det vil seia, ikkje eg, men Guds nåde som er med meg. Anten det no er eg eller dei andre – dette forkynner vi, og dette har de teke imot i tru. **1. KOR 15,1-11**

#### *Tredje lesing*

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Paulus' brev til Titus:

Ein tilsynsmann er Guds hushaldar, og det må ikkje vera noko å seia på han. Han må ikkje vera eigenrådig, bråsinnt, drikkfeldig eller hardhendt og ikkje ute etter skammeleg vinning. 8 Men han skal vera gjestfri og ha kjærleik til det gode, vera forstandig og rettferdig, ha ærefrykt for Gud og ha herredøme over seg sjølv. 9 Han må halda seg til det truverdige ordet i samsvar med læra, så han er skikka til både å rettleia etter den sunne læra og å visa at dei som talar imot, tek feil. **TIT 1,7-9**

## Fjerde lesing

**ML vend mot kyrkjelyden** | Det står skrive i Peters fyrste brev:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1. PET 5,1-4**

### **Lovnad**

**Biskopen og biskopen som vert vigsla står ved altarringen.**

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | **NN**, vil du forkynna evangeliet og gjera di teneste som biskop, til ære for Gud og til beste for kyrkja?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du ta vare på den apostoliske læra i samsvar med vedkjenninga, og rettleia og oppmuntra kyrkjelydane?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du ha tilsyn med dei heilage sakramenta, at dei vert foretta etter den skipnad Kristus sette og den ordning vår kyrkje har?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.

**B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du utføra tenesta di med truskap og leggja vinn på å fremja og verna einskapen i Guds kyrkje?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp. **B vend mot biskopen som vert vigsla** | Vil du vera hyrding og visa omsut for dei kyrkjelydane og det bispedømet som er tiltrudd deg?

**Biskopen som vert vigsla** | Ja, ved Guds hjelp.



## 13 | Epiklesesalme II

Medan kyrkjelyden syng set tekstlesarane seg.  
Forbedarane går til altarringen under siste vers.

5. Vår sjelefiend frå oss driv,  
og lys din fred om alt vårt liv,  
og ver vår førar og vår vakt  
i all vår strid mot mørkheims makt!
6. Lys opp for oss, så klårt vi må  
Gud Fader og Guds Son få sjå,  
og deg som frå dei bære er,  
i hjartans tru få evig kjær!
7. Ver lova, Gud, vår Fader god,  
Guds Son som opp frå døde stod,  
og Trøystaren, Guds Ande blid,  
høglova ver til evig tid!

## 14 | Handspålegging og bøn

**B** | Når vi no legg hendene på deg/dykk og bed, vil vi overgje deg til Gud og be om at Den heilage ande må helga og utrusta deg/dykk til tenesta.

Biskopen kneler.

### **Vigslingsbøn**

**B** | Allmechtige Gud, vi takkar deg for (*Namnet vert nemnt*).

Send din Ande med kraft, kjærleik og visdom.

Velsign tenesta *hens* for deg og kyrkja.

Hjelp *hen* til å forkynna evangeliet om Jesus Kristus.

Utrust *hen* til å vera leiar og syna omsut.

Hjelp *hen* til å ta vare på einskapen i kyrkja og halda oss samla om Jesus Kristus.

Gi *hen* opne auge og øyre, eit varmt hjarte og eit audmjukt sinn.

Gi *hen* styrke og glede i tenesta.

Gud, vi ber.

**Alle** | Amen.

Deretter reiser biskopen seg, like eins forbedarane.

## 15 | Kunngjering

**B vend mot den nye biskopen** | Så gjer eg kunnig at du er rett kalla biskop i vår kyrkje, med det mynde og det ansvar som høyrer til ditt heilage kall, etter Guds ord og dei ordningane vår kyrkje har.

Den tenestegjerandre biskopen legg bispekrossen kring halsen på den nye biskopen og bispestaven vert overrekt.

**B** | Som dei fyrste tilsynsmenn i kyrkja, har du i dag fått i oppgåve å ta vare på deg sjølv og på heile den flokken som Den heilage ande har sett deg til å ha tilsyn med! Ver hyrding for Guds forsamling! **APG 20,28**

Forbedarane går til plassane sine.

## 16 | Kyrkjelyden si mottaking

Den nye biskopen snur seg mot kyrkjelyden.

**B vend mot kyrkjelyden** | Kjære kyrkjelyd. De har no høyrte Guds ord om tenesta og [namnet vert nemnt] sin lovnad om å gå inn i tenesta som biskop. Vil de ta imot *hen* i kjærleik og stå saman med *hen* i forsoningstenesta?

**Kyrkjelyden** | Ja, ved Guds hjelp.

**B vend mot kyrkjelyden** | Saman har vi bede om velsigning over gjerninga [namnet vert nemnt] går til. Vil de bera *hen* fram for Gud i bønene dykkar?

**Kyrkjelyden** | Ja, ved Guds hjelp.

Den tenestegjerande biskopen sett seg.

Den nye biskopen går til altaret.

### III. Ordet

**Den nye biskopen** | Lat oss høyra Herrens ord.

#### 12 | **\*Evangelium**

*Halleluja*

*Evangelielesing*

**ML** | Det står skrive i evangeliet etter ...

Lesinga sluttar med:

**ML** | Slik lyder det heilage evangeliet.

*Respons*

#### 13 | **Preike**

Den nye biskopen preikar over dagens evangelietekst.

#### 14 | **\*Truvedkjenning CREDO**

#### 15 | **Salme**

Kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga.

#### 16 | **Kunngjeringar**

Ein har kunngjeringar her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlar desse til kyrkjelyden på annan måte, jf. lokal grunnordning.

#### 17 | **Synsvedkjenning**

Følgjer her eller som ledd 5

#### 18 | **Forbøn for kyrkja og verda**

#### 19 | **Takkoffer frå kyrkjelyden**

Takkoffer kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 20, eventuelt under ledd 27.

## IV. Nattverd

### 20 | Førebuing av måltidet

*Nattverdsalme*

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 19, eventuelt under ledd 27.

### 21 | \*Takkseiing og bøn

*Helsing PREFASJONSDIALOG*

*Innleiande lovprising PREFASJON*

*Heilag SANCTUS*

*Innstiftingsorda VERBA*

Mysteriet i trua *kan følgja her*

*Fadervår*

Fadervår vert sunge eller lese.

### 22 | \*Nattverdmåltidet

*Fredshelsing PAX*

*Brødsbryting*

*Du Guds lam AGNUS DEI*

*Utdeling*

### 23 | Avslutning av måltidet

*Takkebøn*

## V. Sending

### 24 | \*Salme

Kan flyttast til ledd 27 | **Postludium/Utgangsprosesjon**

### 25 | \*Velsigning

**Lovprising *BENEDICAMUS***

*Tre gonger tre bøneslag*

Under den stille bøna som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

### 26 | \*Utsending

### 27 | \*Postludium/Utgangsprosesjon

Under postludiet går prosesjonen ut av kyrkja.